



Dei beste jentene foran Nuten under premieutdelinga. Margun Eik er nummer 4 frå venstre.

**Av 62 deltakarar i konkurranseklassa i Nutenopp i år var det 55 som fullførte og det er eit betrakteleg mindre tal enn i fjor utenat årsaka kan finnast utan vidare. Deltakinga frå Uskedalen var også beskjeden, berre 3 frå vår bygd var med i den spektakulære tevlinga som er 3700 meter lang og lyftar løparane 812 meter opp. I overkant av 100 var med i mosjonsklassa.**

Margun Eik plar å gjera ein god innsats og slik var det også i år. med femteplassen og tida 52,26, Ifjor kom ho inn på 51,28.

Johannes Haugland kom inn på 53,53 i klassa for gutar 15-16 år og Bjørn Egil Haugland vart fjordemann på 52,09 i klassa 50-59 år.

Raskast blant kvinnene var May Britt Buer frå Gular med ekordnoteringa 41,50 og raskast blant mennene var Stian Hovind-Angermund frå Varegg fleridrett med 36,55.

Trass i eit heftig ver om natta var det gode vertilhøve under tevlinga og deltakarane hadde ein flott dag. Arrangementet var smidig og profesjonelt slik det plar vera.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Margun på veg opp eit tidlegare år